

Nicholas H. Møllerhaug  
Sanddalskollen 97  
5225 NESTTUN

Hordaland Fylkeskommune  
PB 7900  
5020 BERGEN

### **Søknad forprosjektmidler til Fartein Valen-feiring i Berlin: A fjord in your future**

Eg søker med dette om forprosjektmidler a 40 000 NOK til ei framtidig feiring av komponisten Fartein Valen. Åstaden er staden Valen gjennomgjekk sitt andelege vendepunkt: i Berlin.

Førebels er prosjektet på idéstadiet basert på drøftingar mellom prosjektleiar og Music Norway. På sikt vil andre interessentar - både regionale, nasjonale og internasjonale - kome inn. Det same gjeld ei prosjektgruppe. Forprosjektmidler vil gjere det mogleg å organisere denne initiativ-etappen og gjere ideen realiserbar. Music Norway er ein sentral dialogpartnar i utviklinga av "Fjord in your Future".

I Music Norway (MN) er det leiar ved MNs Berlin-kontor Jonas Vebner - og prosjektleiar på kunstmusikkfeltet - Einar Idsøe Eidsvåg - som er mine dialogpartnarar.

Målsetjinga etter forprosjektperioden 2016/17 er ein årleg Valen-happening i Berlin frå hausten 2017. Prosjektet vil ha eit festivalformat som vil ekspandere naturleg utifrå dei økonomiske rammene som er tilgjengelege.

Prosjektskissa viser litt av idéomfanget som ligg i botnen av prosjektet. Me trur at dette kan bli ein unik arena for noko av det mest nyskapande innan norske - og hordalandsk - kunstproduksjon: Fartein Valens store univers av atonalitet, kaktus og roser.

Einar Idsøe Eidsvåg i Music Norway kan nås på mobil 402 32 497 for evt kommentarar kring prosjektet.

Med venleg helsing

Nicholas H. Møllerhaug (sign.)  
prosjektleiar / initiatvtakar